

Skisse til nytt PhD-program ved Høgskulen i Volda



Rapport frå ei arbeidsgruppe hausten 2020

INNHALDSOVERSYN

1) Bakgrunn	s. 3
2) Vedtak i utdanningsutvalet og høgskulestyret våren 2020	s. 3
3) Oppnemning og mandat for arbeidsgruppa	s. 4
4) Arbeidet i gruppa	s. 5
5) Rammefaktorar for ny HVO-PhD	s. 5
a. Nasjonal PhD-kontekst	s. 5
b. NOKUT-krava	s. 7
c. Kandidat-rekruttering og gjennomstrøyming	s. 8
d. Kompetansen i aktuelle fagmiljø	s. 9
e. Økonomi	s. 10
6) Idédugnad og drøfting av moglege profilar	s. 11
a. Aktuelle programtitlar	s. 11
b. Førebels vurdering av program	s. 13
7) Tilråding frå gruppa	s. 13
a. HVO bør førebu akkrediteringssøknad for PhD	s. 13
b. Arbeidstittel: PhD i humaniora og danning	s. 14
c. Dei neste stega	s. 18
8) Kjelder	s. 19

1) Bakgrunn

I vel fem år har HVO v/ASH hatt fellesgraden «PhD-studium i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling» i samarbeid med Høgskolen i Molde (planlagt frå 2009, akkreditert 2014 og starta opp 2015). Ansvar har heile tida vore likt fordelt mellom dei to høgskulane, men Molde er akkreditert som vitenskapleg høgskule, og ifølgje departementet er det dei som er doktorgradsgjevande institusjon.

Denne fellesgraden med Molde er i prinsippet open for fleire avdelingar og fagmiljø ved HVO, og tilsette frå AHL har vore og er med som ressurspersonar i nokre av emna. Ramma og innretninga mot profesjonsutøving innafor helse- og sosialfag gjer likevel programmet mindre relevant for fleirtalet både ved AHL og ved høgskulen i stort. Doktorgradsprosjekt ved AHL, AMF, AKF og delar av ASH vert difor oftast knytte til program ved andre høgskular og universitet.

Arbeidsgruppa ser fleire gode grunnar for at det bør planleggast ein HVO-PhD med basis i humanistiske fag og lærarutdanning. Med eit slikt doktorgradsprogram vert høgskulen sjølv-akkrediterande for mastergrader på dei tilhøyrande fagområda. Både direkte og indirekte vil ein slik PhD møte dagens utfordringar knytte til vitenskapleg publisering og rekruttering av første- og toppkompetanse. Denne argumentasjonen vert utdjupa under 7.a nedanfor.

Tanken om ein PhD for lærarutdanning og humaniora har modna gjennom dei par siste åra. Etter å ha brukt tid på opplysning og innleiande drøftingar i personal-seminaret for AHL i november 2019 og på leiarsamlinga for avdelinga i januar 2020, sende dekanatet 23.3.2020 søknad til Utdanningsutvalet om å få starte planlegginga av eit PhD-program for humaniora og lærarutdanning.

2) Vedtak i Utdanningsutvalet og høgskulestyret våren 2020

Utdanningsutvalet hadde saka på dagsorden i møte 1. april. Der vart det gjort slikt vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår at Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning får starte arbeidet med utviklinga av ph.d.-grad (sak 17/20).

Høgskulestyret drøfta saka 23. april og samla seg om dette vedtaket:

Styret viser til søknad om utvikling av Phd frå AHL. Styret er positive til initiativet. Dei faglege og økonomiske føresetnadane for ein slik søknad må utgreiast grundig, og styret ønskjer at spørsmålet om det skal sendast ein slik søknad skal inngå i arbeidet med ny strategi for Høgskulen i Volda. Styret ber i mellomtida fagmiljøa arbeide vidare med skisser til innretning og fagleg profil for eit slikt Phd-program, og ber om ei nærare orientering om planar og ambisjonar på styret sitt strategiseminar hausten 2020 (sak 34/20).

3) Oppnemning av og mandat for arbeidsgruppa

På grunnlag av det refererte styrevedtaket sette dekan Arne Myklebust (etter samråd med respektive leiarar) før sommarferien ned ei brei arbeidsgruppe med representantar frå fagmiljøa ved AHL, dei andre avdelingane og forskingssjefen. Alle medlemene i gruppa har doktorgrad, og dei fleste har lang fartstid frå UH-sektoren. Samstundes er det stor spreing i fagleg bakgrunn og akademiske nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Oppsettet nedanfor gjev eit oversyn over grupped medlemene med opplysning om år, stad og emne for doktorgraden (lista alfabetisk etter etternamn).

<i>Tittel og namn</i>	<i>Repr. (fag/funksjon)</i>	<i>Doktorgrad</i>
Professor Siv Måseidvåg Gamlem	AHL, pedagogikk	2014 Humanistisk fak., UiS: Tilbakemelding som støtte for læring på ungdomssteget
Forskingssjef Henriette Hafsaas	Fellesadministrasjonen, FoU	2015 Humanistisk fak., UiB: Krig på den sørlege grensa til den framveksande staten i det gamle Egypt (arkeologi)
Professor Per Halse	AHL, prodekan for forskning; leiar og skrivar for gruppa	2009 Teologisk fakultet, UiO: Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908
Førstemanuensis Ellen Lexerød Hovlid	AMF	2014 Juridisk fakultet, UiB: Vern av privatlivets fred
Førstemanuensis Gudrun Kløve Juuhl	AHL, norsk	2014 Hum-fak, UiO: Ungdoms digitale tekster i skule og fritid
Professor Kjartan Leer-Salvesen	ASH, sosialfag/PhD-en i samarbeid med HiMolde	2016 Fak for hum og ped, UiA: Spenninga mellom teieplikt, meldeplikt og avvergeplikt for lærarar og prestar
Professor Inger Marie Okkenhaug	ASH, historie	1999 Hum-fak, UiB: Anglikansk misjon, kvinner og utdanning i Palestina 1888–1948
Professor Knut-Willy Sæther	AHL, religion	2005 Historisk-filosofisk fakultet, NTNU: Forholdet mellom naturvitskap og teologi
Professor Marie Nedregotten Sørbø	AHL, engelsk	2009 Humanistisk fak., UiO: Filmadaptasjonar av romanar; ironi hjå Jane Austen
Professor Eirik Søyvik	AHL, realfag	2013 Faculty of Science and Engineering, Macquarie Univ, Sydney: Om belønning og rusmisbruk hjå honningbier
Professor Wenche Torrissen	AKF	2009 Faculty of Arts and Social Sciences, University of London: Om populærkultur, skuespillerinner og kvinne-emansipasjon 1880–1914

I oppnemningsbrevet 19.6.2020 (vedlegg 1) fekk gruppa i oppdrag å utarbeide ei eller fleire førebelse skisser til fagleg profil for ein PhD-grad med basis i humaniora og lærarutdanning. Skissa eller skissene skulle få kvar sin arbeidstittel, og realismen i framlegga måtte vurderast i lys av kompetanseprofilen i dei aktuelle fagmiljøa.

4) Arbeidet i gruppa

I samsvar med fastlagt plan har vi hatt sju møte frå 10.8. til 19.10. Som regel har vi møttest halvannan time på høgskulen, men eitt møte vart gjennomført på zoom (24.8.) og ei samling var eit heildagsseminar på hotellet i Ørsta (16.9.). Dei fleste har vore med på alle møta, og seminardagen hadde full deltaking.

Alle medlemene har vore aktive i førebuing av innlegg, responsar og diskusjonar. Møta har vore prega av vilje til å lære av kvarandre, og det har vore spennande å drøfte PhD-tematikken i den tverrfaglege ramma som gruppa representerer. Innkallingar, referat og presentasjonar er frå starten delte i Teams.

Seminardagen vart opplevd som særleg verdifull. Slik vi er organiserte og med strukturen i travle kvardagar er det sjeldan vi får teke dei lærerike faglege og utdanningspolitiske samtalane på tvers av seksjonar, institutt og avdelingar. Øktene i seminaret synte at ulike fagfolk gjerne legg ulikt innhald i meir eller mindre same omgrep, og at det vert viktig å få fram kva tyding vi vel å bruke ulike termar i. I diskusjonane kom det også fram at namnet på eit PhD-program kan ha sterk symbolfunksjon, og at vi må legge arbeid i klar kommunikasjon for at ikkje mistydingar skal føre til meir uvisse og mogleg motstand enn det er saklege grunnar for.

5) Rammefaktorar for ny HVO-PhD

I dette kapitlet skisserer vi nokre sider ved den konteksten som ein eventuell ny PhD skal stå i. Det handlar både om liknande tilbod i UH-landskapet og om kva krav og rammer vi må ta omsyn til i planlegginga.

a. Nasjonal PhD-kontekst

Arbeidsgruppa har sett litt på PhD-tilbod ved andre høgskular og «ferske universitet» som det kan vere naturleg for HVO både å samanlikne seg med og å hente inspirasjon frå. Her listar vi dei opp med nettadresser, og så kjem ei kort vurdering etterpå.

Høgskulen på Vestlandet:

Studiar av danning og didaktiske praksisar

<https://hvl.no/forskning/forskarutdanning/studier-av-danning-og-didaktiske-praksisar/>

Høgskolen i Innlandet:

Profesjonsrettede lærerutdanningsfag

<https://www.inn.no/studier/studietilbud/skole-barnehage-og-pedagogikk/ph.d.-i-profesjonsrettede-laererutdanningsfag>

Universitetet i Stavanger:

Utdanningsvitenskap

<https://www.uis.no/forskning-og-ph-d-studier/ph-d-utdanning/vaare-ph-d-studier/utdanningsvitenskap/>

Lesevitenskap

<https://www.uis.no/forskning-og-ph-d-studier/ph-d-utdanning/vaare-ph-d-studier/lesevitenskap/>

Universitetet i Sørøst-Norge:

Kulturstudier: <https://www.usn.no/forskning/doktorgradsutdanning/kulturstudier/>

Pedagogiske ressursar og

læreprossar: <https://www.usn.no/forskning/doktorgradsutdanning/pedagogiske-ressurser-og-lareprosesser/>

Universitetet i Agder:

Humaniora og pedagogikk - med fire spesialiseringar

<https://www.uia.no/forskning/forskerutdanning-ved-uia/forskerutdanningsprogram/ph.d.-program-i-humaniora-og-pedagogikk>

Universitetet Nord:

Studier av profesjonspraksis <https://www.nord.no/no/studier/phd-i-studier-av-profesjonspraksis>

Utan å ha hatt høve til noko grundig studium av desse programma har vi fått inntrykk av at dei fire første (HVL, INN, UiS og USN) er for smale tematisk til å inkludere mange fagmiljø og temaområde frå AHL og dei andre avdelingane ved HVO (jf. andre avsnittet i innleiinga til kap. 6 nedanfor). Det nemnde tilbodet ved Nord universitet liknar på PhD-en som HVO har i samarbeidet med Molde. Men der fellesgraden vår er konsentrert om helse- og sosialfag, har Nord fått kritikk for uklar definisjon av (fag-)området for programmet, nemleg praktisk kunnskap eller profesjonskunnskap.

Tilbodet ved UiA ser ut til å kunne likne på det som arbeidsgruppa finn tenleg for HVO. Overskrifta på det nærliggande PhD-programmet ved UiA er «Humaniora og pedagogikk», og stipendiatane der kan for tida velje mellom desse fire spesialiseringane:

- Litteraturvitenskap
- Språkvitenskap
- Pedagogikk
- Religion, etikk, historie og samfunn

Arbeidsgruppa har ikkje hatt rammer til å granske kva gode eller mindre gode røynsler som er gjorde med dei ulike programma. Generelt veit vi at både ved eldre universitet og ved institusjonar som er akkrediterte i seinare år, er det utfordrande å få kandidatane til å fullføre innafor normert tid. Skjerpa krav til «produksjon» i form av stipendiattal og tidsbruk kjem vi til i det følgjande.

b. NOKUT-krava

Dei formelle krava for å få PhD-akkreditering går fram av Studiekvalitetsforskrifta og Studietilsynsforskrifta – der den siste utfyller den første. Krava gjeld både studieinnhaldet, kompetansen i fagmiljøa og eit mengdekrav knytt til rekruttering og gjennomstrøyming. For ordens skuld gjev vi her att dei sentrale momenta frå § 3-3 i Studiekvalitetsforskrifta:

Krav til studieinnhald

(1) Institusjonen skal tilby utdanning og forskning på området for doktorgradsstudiet som har en kvalitet og et omfang som sikrer at doktorgradsstudiet kan gjennomføres på høyt vitenskapelig nivå. Institusjonen skal ha bredde i studietilbudene på lavere og høyere grads nivå innenfor området for doktorgradsstudiet.

(2) Området for doktorgradsstudiet skal utgjøre en vitenskapelig helhet, og det skal være sammenheng mellom de enkelte delene studiet er satt sammen av.

Krav til fagmiljø

(3) Doktorgradsstudiet skal ha et fagmiljø med høy kompetanse innenfor utdanning og forskning. Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte forskningsresultater, inkludert publisering, på høyt, internasjonalt nivå, og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt.

(4) Fagmiljøet skal ha dybde og bredde innenfor alle vesentlige deler av doktorgradsstudiet slik at doktorgradskandidatene kan delta aktivt i ulike faglige relasjoner og få innføring i ulike perspektiver.

(5) Doktorgradsstudiet skal ha et fagmiljø som er stabilt og består av tilstrekkelig antall ansatte med professor- og førsteamanuensis-kompetanse innenfor hele bredden av studietilbudet. Det skal gjennomføres en helhetlig vurdering av om fagmiljøet har tilstrekkelig antall ansatte for å dekke fag og emner og den veiledningen studiet består av. Fagmiljøet skal bestå av ansatte med relevant kompetanse. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

Dette kravet erstatter det kvantitative kravet i den tidligere studiekvalitetsforskriften: «Ved akkreditering av et nytt doktorgradsstudium skal studiet ha et fagmiljø tilsvarende minst 8 årsverk med førstestillingskompetanse, hvorav minst seks er i heltids kombinerte forsknings- og undervisningsstillinger og minst 4 har professorkompetanse». Det kvantitative kravet gjelder ikke lenger, men bør danne et utgangspunkt for vurderingen.

Innstramningen gjelder at fagmiljøet skal ha kompetanse innen hele bredden av studiet.

(NOKUTs Veiledning s. 20)

Krav til omfang (stipendiat-rekruttering)

(6) Institusjonen skal dokumentere at den har kapasitet og rekrutteringspotensial til å ta opp minst 15 stipendiatar til doktorgradsstudiet i løpet av fem år etter oppstart. Institusjonen skal i tillegg sannsynleggjøre at den over tid kan opprettholde et doktorgradsmiljø med minst 15 stipendiatar. Personer ansatt under ordningen nærings-ph.d. og offentlig sektor-ph.d., kan inngå i beregningen av antall stipendiatar etter denne paragrafen og § 3-8 femte ledd. Minst åtte av stipendiatane skal ha hovedarbeidsplass ved institusjonen. Institusjonen kan i tillegg ta opp doktorgradskandidatar med annan finansiering.

c. Kandidat-rekruttering og gjennomstrøyming

Eitt av krava for akkreditering er at institusjonen har «bredde i studietilbudene på lavere og høgere grads nivå innanfor området for doktorgradsstudiet» (pkt. b.1. ovanfor). Her bruker ein gjerne biletet av ein pyramide med bachelorgrader i botnen, mastergrader i mellomsnittet og PhD i toppen. Når HVO søkjer om PhD-akkreditering for lærarutdanning og humanistiske fag, må vi vise til rimeleg breidde i dei aktuelle utdanningane på nivåa under. Særleg viktig vert det å vise til produksjonen av masterkandidatar som kan verte stipendiatar i det nye programmet.

Frå våre eigne lærarutdanningar ser vi føre oss eit auka rekrutteringspotensiale i åra framover. HVO har masterprogram innafor grunnskulelærarutdanninga for fagområda norsk, matematikk, samfunnsfag, engelsk og spesialpedagogikk, og frå 2022 vil alle grunnskulelærarstudentane verte uteksaminerte med mastergrad (MAGLU). I år tek dei aller første til på master i barnehagekunnskap, og kandidatar frå det programmet vil om nokre år kunne vere med og supplere rekrutteringsgrunnlaget for ein PhD med basis i AHL. I tillegg til profesjonsgradene har vi fagmastrane i skriftkultur (frå hausten 2021 planlagt utvida med engelsk og nynorsk spesialisering), kultur møte og Media Practices som vil levere potensielle stipendiatar. Når AKF får godkjent mastergrad i praktisk-estetiske fag, vil også den kunne gå inn i rekrutteringsgrunnlaget.

I tillegg til lokal rekruttering ser vi føre oss at ein ny PhD ved HVO vert attraktiv også for søkjarar med mastergrad frå andre institusjonar i inn- og utland. Søknadsmassen til stipendiatstillingar som HVO lyser ut så vel som rekrutteringa til fellesgraden mellom ASH og HiMolde viser at det er rimeleg å rekne med ein god del eksterne søkjarar til det nye programmet.

Når det gjeld stipendiatstillingar har HVO for tida 16 faste og seks mellombelse. I tillegg har vi til ei kvar tid åtte–ti høgskulelektorar som arbeider med PhD støtta av vår «50/50-ordning» (dvs. at dei over ein femårsperiode får bruke halve arbeidstida på doktorgradsarbeidet). Sidan mange av stipendiatane har fireårskontrakt (med 25% arbeidsplikt for HVO), mange har (hatt) kortare og lengre permisjonar og fleire arbeider med fullføring ut over stipendiatperioden, viser oversynet på HVO-sidene pr. 1.10.2020 aktivitet i vel 40 PhD-prosjekt. I 2020 er det lyst ut heile 14 stipendiatstillingar (åtte ordinære og seks ekstra som HVO fekk tildelt som eit «korona-tiltak» frå regjeringa). Øvst på neste side følgjer ein tabell med oversyn over fordelinga av stipendiatutlysingar dei siste åra:

	Helse- og sosialfag (HiM/HVO)	Lærerutdanning	Nynorsk	Samfunnsplanlegging	Mediefag	Kultur møte	Fag ved AKF	Andre fag
2017	3	2	1	1	1			
2018	3	2				1	1	1
2019	3	2	1	1	1			
2020	3	2				1	1	1
Sum	12	8	2	2	2	2	2	2

Denne fordelinga er heimla i Forskingsutvals-vedtak frå 2017: «Utlysningene i perioden 2017-20 bør rullere slik at det hvert år fordeles tre stipendiatstillinger til Ph.d.-programmet i Helse- og sosialfag og to til GLU/lærerutdanningen. De resterende tre stipendiatstillingene bør fordeles med at det i 2017 og 2019 lyses ut stillinger til nynorsk, samfunnsplanlegging og mediefag og i 2018 og 2020 til andre fag, kultur møte og fag ved Avdeling for kulturfag» (FU-sak 9/17). Hausten 2020 skal det leggest ein ny fleirårig plan for utlysning av stipendiatstillingar.

Som vi såg ovanfor er det eit krav for PhD-akkreditering at institusjonen sannsynleggjer opptak av minst 15 stipendiatar til programmet innan fem år etter oppstarten. Dersom HVO vil øymerke dei som er kursiverte i tabellen til eit nytt PhD-program, vil vi berre på den måten kunne ha heile 18 allereie etter fire år. I staden for å reservere slett så mange av stipendiatstillingane som HVO lyser ut, ser vi føre oss at programmet også får rekruttering frå eigne høgskulelektorar i 50/50-ordning så vel som stipendiatar med anna finansiering.

Som kjent er rekrutteringsgrunnlaget for ein PhD med basis i AHL i ferd med å verte mykje utvida. I tillegg til dei alt innarbeidde mastergradene vil vi nemleg frå 2022 kunne få mange kandidatar frå MAGLU – og om ikkje lenge vonlegvis også frå den nye masteren i barnehagekunnskap. På denne bakgrunnen meiner vi at det skal gå greit å fylle kravet til omfang på stipendiatgruppa. Lokal forankring med tett oppfølging vil etter vår vurdering også kunne fremje betre gjennomstrøyming og større grad av fullføring på normert tid.

d. Kompetansen i aktuelle fagmiljø

Over tid vil det variere litt kor mange tilsette fagmiljøa har på dei ulike kompetansenivåa. For å få eit visst inntrykk av dei tilgjengelege ressursane for eit nytt PhD-program tek vi utgangspunkt i dagens situasjon og legg til noko om sannsynleg utvikling dei komande åra. Vi reknar då berre med faste tilsette og ikkje toarstillingar eller stipendiatar utan fast stilling ved HVO.

Av professorar som vi ser det naturleg å knyte til den påtenkte PhD-en har pedagogikk for tida ein, språk og litteratur tre (to på norsk og ein på engelsk), religion to, historie to, realfag ein, media fire og kulturfag ein. Samstundes må alle dei relevante fagmiljøa seiast å ha ein rik

«ettervekst»: Pedagogikk har seks førsteamanuensar og sju fast tilsette høgskulelektorar i arbeid med doktor-grad. Realfag har fire førsteamanuensar, ein høgskulelektor som skal disputere før jul og tre andre i gang med PhD-program. I norskfaget har vi åtte førsteamanuensar, to som har levert avhandling og fire andre i gang med PhD-prosjekt. Engelsk har sju førsteamanuensar, ein som disputerer i oktober og to andre i arbeid med doktorgrad. Institutt for religion og livssyn har tre førsteamanuensar og to lektorar i gang med PhD. Historie har fire førsteamanuensar og ein høgskulelektor med PhD-prosjekt. Ved AMF er der åtte førsteamanuensar og to fast tilsette høgskulelektorar med avhandlingsarbeid. AKF har for tida fem førsteamanuensar, og fire fast tilsette er i gang med doktorgrad. I tillegg har HVO mange i stipendiatstillingar som om få år vil vere i posisjon til å søkje på førsteamanuensisstillingar som vert lyste ut. Til fagmiljøet rundt ein komande PhD-grad har vi også dosentar og førstelektorar med verdifull erfaring og kompetanse, men for sjølve akkrediteringa er talet på professorar og førsteamanuensar avgjerande (jf. 5b ovanfor).

Grappa er klar over at fleire av dei toppkompetente er i aldersgruppa 60+. Men for det eine gjeld det slett ikkje alle, for det andre legg vi merke til at mange av dei med høgast kompetanse er aktive i stillingane til dei fyller 70, og for det tredje har vi gode grunnar til å rekne med at fleire av førsteamanuensane vil få opprykk om ikkje så lenge. På den andre sida skal vi ikkje gløyme at også mastergradene våre kviler på eit visst tal med årsverk av første- og toppkompetanse. Når det skal søkjast om akkreditering for ny PhD-grad, må ein passe på at det ikkje vert «dobbel bokføring»: Ein professor kan sjølvsagt vere engasjert i både PhD og master, men det må då vere med ulike delar av årsverket.

Alt i alt ser arbeidsgruppa positivt på kompetanseutviklinga framover. Oversynet vi har skaffa oss tyder på at HVO har dei faglege ressursane som trengst for å få godkjent og å drifte ein PhD med tyngdepunkt i AHL. I neste omgang vil ein slik PhD sjølv fremje vidare kompetanseheving i fagmiljøa (jf. argumentasjonen under 7a nedanfor).

e. Økonomi

Mandatet for denne arbeidsgruppa handlar om innretning og fagleg profil for ein mogleg ny PhD med basis i AHL. Grundig utgreiing av faglege og økonomiske føresetnader må kome i neste fase når ein akkrediteringssøknad skal utarbeidast. Grappa vil likevel her ta med nokre merknader til finansieringa av eit PhD-program.

Som framheva allereie i saksutgreiinga til høgskulestyremøtet i april (sak 34/20) vil det koste ein del å drifte eit slikt tilbod. Utgiftene vil vere knytte særleg til arbeidstid for tilsette både i opplæringsdelen (PhD-kurs og samlingar) og i sjølve rettleiinga av stipendiatane. I oppbyggingsfasen vil HVO måtte prioritere midlar til dette. Men det er viktig å peike også på inntektssida ved å ha sitt eige PhD-program.

Dei aller fleste HVO-stipendiatane (inkludert fast tilsette høgskulelektorar som tek PhD ved sida av undervisningsoppgåvene) disputerer i dag ved andre norske høgskular og universitet. Kvar godkjent disputas løyser for tida ut kr. 400.000,- i resultatbasert løyving. Lenge gjekk heile summen til den gradsgjevande institusjonen, men no har det i nokre år vore slik at for kandidatar finansierte av andre (i vårt tilfelle løna av HVO) går 20% hit. Det vil altså seie at for

kvar av våre som disputerer t.d. ved UiA eller UiO, så får det aktuelle universitetet 320.000,- og HVO får 80.000,-

Med vårt eige program vil vi etter dagens satsar få kr. 400.000,- (320.000,- meir enn no) for kvar gjennomført disputas. I sjuårsperioden 2013–2019 har det i gjennomsnitt vore ca. fem HVO-tilsette som har disputert årleg. På den måten kan vi seie at HVO har «tapt» 1.6 million pr. år – som kunne vore ført til inntekt dersom disputasane fann stad i vårt eige program.

På mange av dei aktuelle fagområda har vi inntrykk av at fleire og fleire skriv artikkelbaserte avhandlingar. Det er også ei inntektskjelde for gradsgjevande institusjon. Eit nytt PhD-program som gjev HVO meir vitenskapleg publisering har elles stor verdi utover det reint økonomiske. Departementet er som kjent svært oppteke av at høgskulen treng å heve seg på det området.

6) Idédugnad og drøfting av moglege profilar

Allereie på personalseminaret for AHL i november 2019 vart dei tilsette utfordra til å tenkje på og diskutere moglege titlar for ein ny PhD ved HVO. I vedlegg 2 har vi lista opp heile tjue slike framlegg som har vorte lanserte av grupper eller enkeltpersonar. Som ein ser har dei fleste ein kombinasjon av overordna omgrep som humaniora/menneskevitskap/kultur(fag) med ord som formidling, læring eller (ut)danning. Samankopling av humanistiske fag eller perspektiv i vid tyding med formidling, danning og lærarutdanning er då også nærliggande i lys av porteføljen og kompetansen i den avdelinga som har teke initiativet og må verte hovudbase for det nye programmet.

Fleire av tittelframlegga i den lange lista liknar på kvarandre. Dei som berre nemner læring og profesjon, eller utdanning/opplæring og profesjonsutvikling, vert for snevre til å inkludere den tverrfaglege breidda som vi ønskjer. Dei humanistiske faga i vid tyding representerer verdifulle ressursar som gruppa meiner er avgjerande for å etablere ein ny PhD ved HVO.

a. Aktuelle programtitlar

Til seminar dagen for arbeidsgruppa 16.9. fekk fire av medlemene i oppdrag å presentere og argumentere for kvar sine idealprogram under desse arbeidstitlane: «Læring og skriftkultur», «Literacy og utdanning», «Humanvitskap» og «(Ut)danning for framtida». Alle hadde godt førebudde innlegg som inspirerte til verdifulle diskusjonar. I det følgjande gjev vi att nokre hovudargument for kvar av dei fire titlane.

Læring og skriftkultur

Omgrepet skriftkultur femner vidt samstundes som det knyter tydeleg til ein «Volda-tradisjon». Her ser vi ei linje frå Sivert Aarflot og Ivar Aasen via forskinga til Jostein Fet og fram til mastergrad, skriftserie og nye prosjekt som DigiHand. Skriftkultur som forskingsfelt er relevant for språk, litteratur, religion, utdanning, historie, media og kulturfag. Både historisk og aktuelt

er omgrepet nært knytt til formidling generelt og utdanning spesielt. Med desse didaktiske perspektiva er all lærarutdanning inkludert.

Literacy og utdanning

Internasjonalt er literacy veletablert som forskingsgrein med tett kopling til utdanning og utdanningspolitikk. Ifølgje UNESCO femner uttrykket om «means of identification, understanding, interpretation, creation, and communication in an increasingly digital, text-mediated, information-rich and fast-changing world». Ei slik vinkling passar godt med HVO-visjonen «Kunnskap for framtida». Utdanning i vid tyding dekkjer «et spekter av pedagogikk og pedagogiske deldisipliner. I tillegg dekker det utdanningsforskning innanfor det samfunnsvitenskapelige området [...] og innanfor humaniora» (om PhD i utdanningsvitenskap ved UiS).

Humanvitenskap/Humaniora

Humanistiske fag har ein lang akademisk tradisjon knytt til fortolking, historisering, kultur, meining og danning. I dagens norske UH-landskap ser vi at humanistiske fakultet femner om ei stor breidde frå arkeologi og biblioteksfag (UiT) til teologi og Teknologi, menneske og samfunn (UiA). Pedagogikk høyrer ofte til avdelingar med humanistiske fag (UiA, UiS, USN, HVO). Stortingsmeldinga om humaniora (25/2016–2017) inkluderer også mediefaga.

Ein PhD i humanvitenskap vil høve med innarbeidd HVO-profil og supplere godt fellesgraden vi har i helse- og sosialfag med Høgskolen i Molde. Ei overskrift med humaniora, human- eller menneskevitenskap vil naturleg femne om ulike typar av tekststudiar (inkludert multimediale tekster og læremiddel) så vel som historie og forskning i skular eller andre sosiale rom. Desse områda synest å vere godt dekte av kompetanse ved HVO, og ein humanistisk PhD vil passe til masterprogramma våre.

(Ut)danning for framtida

«Future skills» eller «framtidsgleikar» høver godt med visjonen for HVO (Kunnskap for framtida), og dette er som kjent også eitt av fire strategiske punkt i utviklingsavtalen som høgskulen har med Kunnskapsdepartementet for perioden 2019–2023. Ein slik PhD vil møte globale utfordringar og samfunnsbehov som folkehelseproblematikken. Orienteringa mot det heile mennesket framhevar humanistiske dannelsesideal i kombinasjon med praktiske og estetiske tilnærmingar. Perspektivet legg til rette for sjølvutvikling og livslang læring. Mykje av det vi allereie gjer ved HVO vil kunne passe inn under ei slik overskrift.

b. Førebels vurdering av program

Grappa er samla om at vi må finne noko som har indre samanheng og samstundes femner om flest mogleg aktuelle studieprogram og forskingsprosjekt. Vi ser også stor verdi i tverrfagleg samverke, og der har gjerne ein mindre institusjon betre føresetnader enn dei store universiteta. Same kva ein landar på må det kommuniserast tydeleg kva innhaldet er. I så måte kan det vere risikabelt å bruke termar som i seg sjølve gjerne er vide og inkluderande, men som kanskje ikkje vert oppfatta slik i alle fagmiljøa.

Skriftkultur og Literacy (som i alle fall delvis kan brukast om kvarandre) er døme på slike omgrep som ein kan argumentere for svært vide og inkluderande tydingar av, men som vi er redde for at likevel kan oppfattast som innsnevrande for somme av dei fagmiljøa og prosjekta som vi gjerne vil ha med. Det same gjeld konseptet med Future Skills. Der vurderer vi det i tillegg slik at fagfeltet og kompetansen ved HVO førebels er for lite utvikla til å bygge ein PhD på.

Ei førebels oppsummering er at «Humaniora» (eller tilsvarande) bør vere med i tittelen. Men å bruke t.d. berre «PhD i humaniora» vil ikkje alle vere komfortable med. Det trengst eit «og» som gjer tydeleg at formidling, danning, pedagogikk, didaktikk og profesjonsforskning med tilknytning til lærarutdanningane er inkludert. Nokre av dei andre profilane som er nemnde i oppsettet ovanfor vil kunne kome inn som enkeltemne eller valfrie spesialiseringar under ein PhD-paraply av humanistiske fag eller «menneskevitskap». Grappa ønskjer i alle fall eit program med metodemangfald, og det vert fort problematisk om vi bruker omgrep som er for spesifikke.

7) Tilråding frå grappa

a. HVO bør førebu akkrediteringssøknad for PhD

Grappa er samstemt om at HVO bør arbeide for ei PhD-akkreditering som femner om humanistiske fag og lærarutdanning. Med eit slikt doktorgradsprogram vert høgskulen sjølv-akkrediterande for mastergrader på dei aktuelle fagområda. Det vil vere ein avgjerande fordel i høve til noverande status der vi må ha lange prosessar med NOKUT for kvar vesentleg endring. Det er ei kjend sak at det ikkje bruker gå mange år mellom kvar reform i lærarutdanningane, og i det perspektivet ser vi ein AHL-basert PhD som ei særskild strategisk satsing.

Akkreditering på det høgste nivået handlar om posisjon og status i UH-landskapet framover. Dersom vilkåra for å verte universitet skulle bli endra til krav om *ein* doktorgrad (i staden for dagens noko særnorske krav om *fire*), vil det vere viktig for HVO å ha ein PhD på eigen kjøl. For den felles PhD-graden i helse- og sosialfag er det Molde som vitskapleg høgskule som ifølgje departementet har akkrediteringa. Det å vere statleg høgskule i Noreg utan eige PhD-

program er i ferd med å verte svært sjeldan. Dersom fire doktorgrader vert ståande som krav for å verte universitet, vil HVO med ein eigen PhD ligge an til akkreditering som vitskapleg høgskule og dermed få den verdifulle sjølvakkrediteringa av mastergrader som soknar inn under områda for doktorgradsprogrammet.

Formell og reell status er her to sider av same saka. Gruppa er overtydd om at ein PhD-grad vil få mykje å seie for vidare utvikling av forskning og høgare utdanning i regionen. Mellom hovudutfordringane for HVO er rekruttering av fagfolk (nasjonalt og internasjonalt) med høg kompetanse så vel som mengd og nivå av vitskapleg publisering (jf. Utviklingsavtalen med KD og etatstyringsbrev). Ein ny PhD vil møte utfordringane og fremje kompetansebygginga på fleire måtar:

- Å få undervise og rettleie på det høgste nivået vil gjere det meir attraktivt for toppkompetente utanfrå å søkje seg til Volda
- Av same grunn vert det lettare for HVO å halde på høgt kvalifisert personale
- Truleg vil fleire frå regionen satse på PhD (inkludert ordningane med nærings- og offentleg PhD) når dei får tilbod i området
- Dokumentert PhD-rettleiing har gjennomgåande vorte eit krav for å få opprykk til professor, og dei doktorgradsgjevande institusjonane gjev sjeldan slike oppdrag til eksterne. Eigen PhD ved HVO vil legge til rette for at våre tilsette vert rettleiarar og dermed raskare kan nå toppkompetanse
- Med PhD-tilbod her vil mange stipendiatar spare tid og pengar ved å unngå reisene til dei institusjonane dei no er i program ved
- Lokalt program med tett oppfølging skal fremje læringsmiljøet og føre til at fleire stipendiatar fullfører på normert tid
- Ved artikkelbaserte avhandlingar går mange publikasjonspoeng til den gradsgjevande institusjonen. Det vil telje positivt for HVO når vi får vår eiga grad
- Generelt vil auka forskingsaktivitet og eit større lokalt miljø rundt stipendiatar og rettleiarar verke fagleg utviklande og løfte høgskulen vidare både regionalt og nasjonalt

Samla sett vurderer vi ein AHL-basert PhD som særst føremålstenleg for å nå høgskulen sine strategiske mål (jf. pkt. III i søknaden til Utdanningsutvalet 23.3.2020). Som understreka ovanfor vil sjølvakkreditering av mastergrader i lærarutdanning vere vesentleg i så måte. Etter denne argumentasjonen for å arbeide vidare fram mot PhD-akkreditering, kjem vi i neste avsnitt med framlegg til innretning og fagleg profil for det nye programmet.

b. Arbeidstitel: PhD i humaniora og danning

Utdanningsinstitusjonane spelar særst viktige roller i samfunnet vårt. HVO driv mykje utdanning og forskning knytt til ulike sider ved skuleverket, inkludert barnehagepedagogikk og spesialpedagogikk. Her er også eit breitt spekter av fagdidaktisk forskning med tyngdepunkt i humanistisk orienterte skulefag som norsk, engelsk, religion, musikk, kunst og handverk,

samfunnsfag og historie i tillegg til realfag. På denne bakgrunnen er det naturleg at problemstillingar knytte til læring, danning og utforsking, til korleis skular og barnehagar fungerer så vel som meir kjernehumanistiske problemstillingar om korleis vi forstår og tolkar tekster og menneskeleg åtferd, vert sentrale i eit doktorgradsprogram ved AHL.

Med tilvising til prosessane som er skisserte ovanfor (sjå særleg kap. 6) konkluderer gruppa med å tilrå vidare arbeid under den tentative overskrifta «PhD i humaniora og danning». Ei slik nemning passar fint med namnet på den avdelinga der det er naturleg at programmet får hovudforankring. Tittelen er så vid at dei aller fleste ved AHL og svært mange også i dei andre avdelingane skal kunne plassere forskinga si her. Innretninga mot humaniora og danning vil kunne ta opp i seg andre ønskte perspektiv som vi har vore innom ovanfor (Literacy, skriftkultur, lærarutdanning, framtidsgleikar). Samstundes knyter tittelframlegget til den lange og verdifulle opplysnings- og danningstradisjonen der Volda har hatt ein både regional og nasjonal posisjon sidan 1700-talet (jf. pionerane som husa på høgskuleområdet er kalla opp etter).

Gruppa har diskutert fordelar og ulemper ved å bruke «danning» eller «utdanning» i tittelen. Fleirtalet har landa på å prioritere «danning». Det er basert på ei forståing av at «utdanning» peikar mest direkte mot lærarutdanning og profesjonsforskning, medan «danning» vert oppfatta vidare om oppseding, (livslang) læring og sosialisering også utanom skuleverket eller andre institusjonar. Når vi vel å bruke danningssomgrepet i overskrifta, er det viktig å understreke at dette inkluderer utdanningsforskning og pedagogikk. Samstundes femner den nemninga betre om kultur- og mediefaga enn kva «utdanning» ville gjere.

Koplinga av danning med humaniora gjer det realistisk å dokumentere den kompetansen på topp- og første nivå som trengst for å trygge ei akkreditering for PhD ved HVO. Samstundes er det ei overskrift som gjer klart at programmet høver for alle eigne mastergrader som vi har å rekruttere stipendiatar frå: Erfaringsbasert master i undervisning og læring, BLU- og GLU-mastergradene, spesialpedagogikk, skriftkulturar (nynorsk og engelsk), kultur møte og til ein viss grad også Media Practices.

Utdjupande og meir detaljert drøfting av fagprofil og vitenskapleg einskap i ein slik tverrfagleg doktorgrad vil høyre til i eit komande arbeid fram mot ein akkrediteringssøknad. I denne omgangen avgrensar vi oss til nokre hovudmoment om kva arbeidsgruppa legg i dei valde omgrepa, og vi gjev døme på forskingsfelt og metodar som vi ser føre oss at PhD-programmet skal innehalde.

Humaniora

«I nyare norsk samanheng tyder humaniora det same som humanvitskapar, humanistiske vitskapar, humanistiske fag, menneskevitskapar eller åndsvitskapar. Grensene mellom humaniora og andre vitenskapsgreiner er ikkje absolutte» (R.S. Slaattelid i SNL). Som nemnt ovanfor (6a) legg gruppa til grunn at humaniora femner om alle typar tekststudiar (inkludert multimediale «tekster» og lærebokforskning) så vel som historiske undersøkingar og empiriske studiar i klasserom eller andre sosiale kontekstar. Med eit slikt utgangspunkt tenkjer vi at svært mange PhD-prosjekt, ikkje berre ved AHL, men også ved dei andre avdelingane, skal passe inn.

Grappa har vore inne på om omgrepa «humanvitskap» eller «menneskevitskap» kunne gje tydelegare signal om at samfunnsvitskaplege metodar vert inkluderte. Men når «humaniora» står for det same, har vi landa på å prioritere den nemninga. Valet er basert både på språkbruken frå regjeringa og i den offentlege samtalen (jf. Humaniora-meldinga 2017) og ei oppleving av at «humaniora» kling betre i kombinasjonen som vi går inn for med «danning».

Danning

«Noe av det aller viktigste vi kan gjøre, er å legge til rette for barns dannelse gjennom utdanning; dannelse som samfunnsborgere i Norge, utdanning som sikrer at det ikke er foreldrenes bakgrunn som er avgjørende for hvordan barna lykkes i livet» (Meld.St.25 *Humaniora i Norge* s. 8–9).

Det er ikkje enkelt å gje ein presis definisjon av «danning», men trådane kan dragast heilt attende til «paideia» i den greske antikken. Det omgrepet femnde både om praktisk, fagretta skulegang og om oppseding eller sosialisering i vid tyding. Den norske termen «danning» kjem til liks med det svenske «bildning» frå tysk «Bildung». Ordet heng saman med at den moralske og kulturelle utviklinga liksom dannar eit indre bilete, eit ideal, i mennesket. Termen stammar frå Tyskland på 1700-talet. I staden for formalistisk språkopplæring med konsentrasjon om grammatikk og særleg latinske former, ville «nyhumanistane» at utdanninga skulle foredle personlegdomen. Ei idealistisk «danning» vart då framheva som viktigare enn rein nyttekompetanse.

Til nyare norsk debatt gav filosofen Jon Hellesnes nokre viktige føringar kring 1970. Han peika på at det ofte gjev meining å snakke om ein start og ein slutt på utdanninga, men ikkje på danninga. Vidare skilde Hellesnes mellom to former for sosialisering, nemleg tilpassing og danning. Ved tilpassing gjer vi oss til objekt for styring og kontroll, men danning handlar om emansipasjon til politiske subjekt – slik at vi kan nå sjølvstende og kritikk også av det systemet og den kulturen vi høyrer til.

Fleire forskarar har peika på at forståinga av dannelsingsomgrepet har endra seg med samfunnsutviklinga. I staden for tilknytninga til litterær kanon og nasjonsbygging kan det i vår tid såleis brukast kritisk-konstruktivt til å utfordre både eldre og nyare oppfatningar eller «mytar» om danning og utdanning (Hamre 2014: 54-69; Gamlem og Rogne 2016).

Grappa meiner at dannelsingsomgrepet høver godt til folkeopplysningstradisjonen som HVO står i og den tilhøyrande ambisjonen om å vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten (pkt. 1.1 «Identitet og verdiar» i gjeldande strategiplan). Vi legg til grunn at «danning» kan vere overskrift for ulike historiske tilnærmingar, for språkstudiar og klasseromsforskning, for PhD-prosjekt som gjeld etikk, estetikk og ulike former for formidling – t.d. gjennom media eller kunstnarlege uttrykk.

Humaniora og danning

Vi meiner at det som alt er sagt ovanfor viser at samankoplinga av danning og humaniora ikkje er vilkårleg eller reint pragmatisk. Tvert om vil vi hevde at danningsomgrepet både historisk og aktuelt er nært knytt til humanvitskapane. Heile utdanningssektoren og tilhøyrande lærarutdanningar står i ein lang og rik tradisjon av opplysning, opplæring, omsorg og oppseding som held dei to omgrepa saman. «Og-et» i den tilrådde tittelen handlar altså ikkje om ei oppramsing eller «addisjon» av ulike storleikar, men om at HVO bør arbeide vidare med den indre samanhengen for å tydeleggjere ein vitskapleg einskap i det PhD-programmet som vi ser føre oss.

Programoppbygging

I ein slik tenkt PhD i «Humaniora og danning» vil eit mangfald av vitskaplege metodar ha sin plass. Det svarar godt til utviklinga i forskingsverda gjennom seinare år. Grensene mellom vitskapsgreinene er ikkje lenger skarpe, og røyndomen som skal granskast krev meir og meir tverrfaglege tilnærmingar. I ein ny PhD ved HVO vil ulike prosjekt naturleg krevje ulike forskingsmetodar.

For mange stipendiatar vil hermeneutikk med tekst- eller biletolking og kjeldekritikk vere nærliggande. Kvalitative metodar som intervju, observasjon og andre samfunnsvitskaplege metodar vil truleg vere førstevallet i mange utdanningsvitskaplege prosjekt. Andre igjen vil gå kvantitativt til verks gjennom t.d. spørjeundersøkingar, systematisk observasjon, dokumentanalyse der ein nyttar statistikk, nettverksanalysar eller ulike former for laboratorieforsøk. I nokre prosjekt ved AKF og AMF kan det vere aktuelt også med kunstfagleg metode.

Med det tverrfaglege preget på programmet bør det i alle fall ligge vel til rette for «mixed methods» og metode-triangulering – så vel som mange spennande samtalar om kva metodar som vil vere best eigna til å finne svar på ulike forskingsspørsmål.

Arbeidsgruppa har ikkje sett det som vår oppgåve å gå i detaljar når det gjeld oppbygging og organisering av eit slikt mogleg PhD-program. Rammene vil vere at sjølve forskingsarbeidet (PhD-avhandlinga anten det er monografi eller artikkelbasert) vert rekna til 150 studiepoeng, og opplæringsdelen på 30 poeng vert sett saman av nokre obligatoriske og nokre valfrie emne (kvar vanlegvis på fem til ti studiepoeng).

Gruppa reknar med at det i samband med akkrediteringssøknad vert utarbeidd eit kurs i teori og metode som skal samle dei fleste stipendiatane i programmet. Nokre prosjekt vil kunne ha nytte av kurs frå fellesgraden med Høgskolen i Molde i helse- og sosialfag. Samstundes må det vere opning for at nokre av studiepoenga kan takast i PhD-program ved andre institusjonar eller i ein forskarskule som høver til det aktuelle prosjektet. Vi vil også peike på at formidling av forskinga vert meir og meir vektlagt i sektoren og i samfunnet, og HVO bør ha gode føresetnader for å utvikle PhD-kurs på det feltet. Som vi har sett i fellesgraden med Molde bør også større eller mindre delar av det nye programmet verte attraktivt for eksterne deltakarar i tillegg til våre eigne stipendiatar.

c. Dei neste stega



Arbeidsgruppa takkar med dette for eit interessant oppdrag. Det har vore lærerike samtalar på tvers av mange fagtradisjonar, og vi ser eit stort potensiale for høgskulen i å arbeide vidare for realisering av ein PhD for humanistiske fag og lærarutdanning. Vi meiner at ei slik satsing må med i den nye strategiplanen, men også at planleggingsarbeidet vert ført vidare så snart som råd. Erfaringar både frå akkrediteringsprosessen HVO v/ASH hadde i lag med Høgskolen i Molde og frå andre institusjonar syner at utarbeiding og godkjenning av PhD-program kan ta tid.

Søknadsfristen til NOKUT for nye studietilbod i tredje syklus (PhD) er 1. november kvart år. Ambisjonen for HVO bør vere å ha ein akkrediteringssøknad klar til innsending 1.11.2021, eller i alle fall til same dato året etter. Til den planlegginga vil det vere best med ei mindre gruppe, og det vil trengast sekretær-ressurs til søknadsskrivinga. Vi som har vore med i denne første arbeidsgruppa ønskjer avdelinga og heile høgskulen alt godt for prosessen vidare!

Høgskulen i Volda, 19.10.2020,



Siv Måseidvåg Gamlem

Henriette Hafsaas


Ellen Lexerød Hovlid



Gudrun Kløve Juuhl



Kjartan Leer-Salvesen





Inger Marie Okkenhaug

Knut-Willy Sæther

Marie Nedregotten Sørbø

Eirik Søvik

Wenche Torrisen



Per Halse

Kjelder

Forskrift om kvalitet i høgare utdanning:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-02-01->

Gamlem, Siv Therese Måseidvåg og Wenche Mork Rogne (2016). *Læringsprosesser – dybdeforståelse, danning og kompetanse*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Hamre, Pål (2014). *Norskfaget og skjønnlitteraturen. Ein studie av norskfagets normtekster 1739 – 2013*. Bergen: Universitetet i Bergen:

<https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/8667/dr-thesis-2014-P%c3%a5l-Hamre.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Hellesnes, J. (1969). Ein utdana mann og eit dana menneske. Framlegg til eit utvida daningsomgrep. I Skjervheim, H. og Tufte, L. utg. *Pedagogikk og samfunn*. Oslo: Gyldendal, 27–[53].

Hellesnes, J. (1975). *Sosialisering og teknokrati. Ein sosialfilosofisk studie med særleg vekt på pedagogikkens problem*. Oslo: Gyldendal.

Kunnskapsdepartementet (2017). *Humaniora i Norge*. Oslo: Meld. St. 25 (2016–2017).

Nokut (2017). *Veiledning om akkreditering av studietilbud:*

https://www.nokut.no/siteassets/akkreditering-hu/sokerveiledning_akkreditering_studietilbud_230519.pdf

Slaattelid, Rasmus Tore, «Humaniora», *Store Norske Leksikon*: <https://snl.no/humaniora>

Studietilsynsforskriften:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-02-07-137>

Universitets- og høgskolerådet (2018). *Veiledende retningslinjer for graden philosophiae doctor (ph.d.):*

<https://www.uhr.no/f/p1/i22fc266b-7e86-4bff-8442-e55da0ed08f3/versjon-b-i-separate-retningslinjer-vitenskapelig-phd.pdf>

Til

Gamlem, Siv Måseidvåg
Hafsaas, Henriette
Hovlid, Ellen Lexerød
Juuhl, Gudrun Kløve
Leer-Salvesen, Kjartan
Okkenhaug, Inger Marie
Sæther, Knut-Willy
Sørbo, Marie Nedregotten
Søvik, Eirik
Torrissen, Wenche

OPPNEMNING AV GRUPPE TIL Å GREIE UT SKISSER FOR INNRETNING OG FAGLEG PROFIL FOR MOGLEG NY PHD-GRAD VED HØGSKULEN I VOLDA

AHL ønskjer å arbeide fram mot akkreditering av ein PhD-grad med basis i humaniora og lærarutdanning. Initiativet har vorte positivt motteke både av utdanningsutvalet (sak 17/20) og høgskulestyret (sak 34/20) ved HVO.

Styret har oppmoda oss om å arbeide vidare med skisser til innretning og fagleg profil, og det vert lagt opp til orientering og drøfting av planar og ambisjonar på styreseminaret i slutten av oktober. Avdelingsleiinga set stor pris på at de som får dette brevet er viljuge til å ta del i arbeidet. Når innretning og fagleg profil er fastsett, ser vi føre oss ei noko mindre gruppe til å utarbeide sjølve akkrediteringssøknaden.

Mandat og tidsramme

Gruppa som med dette er oppnemnt får i oppdrag å utarbeide ei eller fleire førebelse skisser til fagleg profil for ein PhD-grad med basis i humaniora og lærarutdanning. Utgreiinga skal inkludere drøfting av korleis tverrfagleg breidde kan sameinast med vitskapleg einskap og mogleg spissing i tråd med særpreg og strategi for høgskulen. Skissa eller skissene bør få kvar sin arbeidstittel, og realismen i framlegga må vurderast i lys av kompetanseprofilen i dei aktuelle fagmiljøa.

Med tanke på presentasjon i det planlagde strategiseminaret for høgskulestyret 28. oktober får gruppa frist til *tysdag 20. oktober 2020* med å levere utgreiinga til AHL v/dekanen.

Leing og ressurs

Prodekan for forskning ved AHL, professor Per Halse, vert sett til å leie gruppearbeidet. Han får også hovudansvar for at ein skriftleg rapport vert levert til fristen 20. oktober. Medlemene i gruppa får arbeidet godtgjort med 20 arbeidstimar kvar frå AHL.

Prodekanen vil sende dykk epost med meir bakgrunnsinformasjon og framlegg til møteplan med det aller første.

Med venleg helsing,

Arne Myklebust, dekan AHL.

Kopi til orientering:

Rektor Johann Roppen
Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim
Studiedirektør Gonne Smit
Dekan Randi Bergem
Dekan Unni Hagen
Dekan Jan Ytrehorn

MOGLEGE TITLAR FOR NY PHD VED HVO

(HENTA FRÅ ULIKE INNSPEL OG NOTAT FRÅ HAUST 2019 TIL HAUST 2020)

Utdanning og humanistiske fag

Literacy (m/utvida tekstmogrep) og utdanning

Humaniora

Humanvitskap

Lærarutdanning og humanistiske fag

Språk, formidling og læring

Læring og skriftkultur

Profesjonsutøving i skulen

Menneskevitskap

Litteratur og tekstkultur

Skriftkultur og danning

(Ut)danning for framtida

(Mot)kultur og danning

Profesjon, skriftkultur og læring

Utdanning og kultur

Utdanning og opplæring

Læring og profesjon

Profesjonsutvikling i skule og barnehage

Læring og danning

Tekst og formidling